



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Utval for opplæring og helse

Att: Emil Gadolin, leiar

Mail: opplaering@hfk; hfk@hfk.no

Kopi: fylkesordforar@hfk.no

Særutskrift frå Hardanger Ungdomsråd 21.1.2016

HU-sak 06/16 Orienteringssaker

- **Tannhelsestruktur oppdatering på saka**

Denne saka engasjerar ungdommen seg sterkt i. Hardanger Ungdomsråd er beden om å senda ny uttale til utval for opplæring og helse innan 8.2.2016.

Hardanger Ungdomsråd vil også møte på fylkestinget 8.-9. mars 2016, for å følgja denne saka.

Vedtak:

Hardanger Ungdomsråd gjer slik uttale til utval for opplæring og helse i Hordaland med kopi til Fylkesordføraren. HU uttalar seg for å understreka kor viktig dette er, og gjev slik uttale:

Høyringsuttale vedrørende tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2030 frå Hordaland fylkeskommune.

I Hardanger ungdomsråd den 21.1.2016 tok me på nytt opp saka om tannklinikstrukturplan i Hordaland. Dette er ei viktig sak for oss ungdom. **Me følar at fylkestannlegen prøvar å nedprioritere oss i distriktet, og dette finn me oss ikkje i.**

Me treng ein lett og enkel veg til tannpleie og klinikk elles vil følgjande skje:

- **Ungdom må pendla att og fram frå Voss/Odda.** Pga **dårleg kollektivtilbod** vil me miste ein heil skuledag fylt med læring. Og som om det ikkje er nok, vil me måtte gjera mykje meir lekse for å ta igjen det me mista den dagen. Det burde jo vere nok å miste ein dag frå skulen og all lærdommen, men det er det ikkje.

- Konsekvensane med den lange reisa er at **ungdommen vil få registrert fråvær** fordi me reiste til tannlegen. Me vil få fråvær og mista mykje læring. Dette vil få **negative konsekvensar for framtidig vitnemål.**

- **Ungdommen må bruka pengar og tid på buss.** Og har ein råd til bussen? Dette kan vere eit problem for mange, for bussen kostar pengar, men **skal ikkje tannhelsetilbodet vere gratis?** Så vist ein elev må bruke sine pengar på å komme seg til tannklinikken, så verkar det ikkje som at tannhelsetilbodet er gratis. Kor mykje tid må ein vente før og etter timen? Må ein elev sitte og vente på bussen i to timar etter tannlege timen? Tid er pengar, også for ungdommar!

- Og dette gjeld ikkje berre for ungdommen som kan ta buss åleine, dette gjeld også for små barn. Og dei kan jo ikkje ta buss åleine, så då må ein av **foreldra ta seg fri frå jobben for å følgja barnet sitt til tannlegen.** Det å ta seg fri for vaksne, vil seie å **miste arbeidsinntekt** eller å måtte jobbe ekstra for å ta igjen dei timane dei ikkje jobba. Og alt dette for **ein tannlege time!**

Me veit ikkje korleis man reknar på kostnader for og i mot. Men man kommer ikkje bort i frå at om ein tannlege har ti pasientar pr dag, vil det være ti pasientar som brukar til saman ti skuledagar(70 timar) mot til saman ti enkelt timar.

-Det må jo være mykje enklare at ein tannlege pendlar til Ulvik, enn at alle pasientane skal pendla til Voss. **Miljø messig er det og meir korrekt.**

Me barn og ungdom er framtida, me er bekymra for vår skulevardag, vitne mål, vår fritid og vårt miljø. **Me meiner de har ein plikt til å kunne tilby oss ute i distrikta ein like godt tannlege tilbod som i byane.** Det skal ikkje være slik at helse tilboda på bygda er dårlegare enn dei i byane. Alt dette kan enkelt forhindrast med å behalde tannklinikken i bygdene våre.

Med tanke på sannsynleg kommunesamanslåing i nær framtid, der nye planar og visjonar vil blomstre vil me gå så langt å sei at det er idioti å leggja ned tannklinikane Eidfjord, Ulvik og Lofthus no!

Hardanger ungdomsråd går imot framlegg til ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for perioden 2015-2030 . Hardanger ungdomsråd meiner det er ekstremt viktig at me har tannklinik og tannpleie også i distriktet.

Kinsarvik 25.1.2016

Fruktbar helsing Hardanger Ungdomsråd

Trude L. Rinaldo
Sekretær

Hardanger ungdomsråd/Hardangerrådet iks signerar digitalt